
Vår referanse 2020/71713-4
Dato 19.10.2020

Jude Dhushyanthan

Svar - Ang. avslag - Dispensasjon frå byggegrense - Fv 546 - Gnr 95 bnr 53 - Bergen

Viser til e-post av 16.10.2020 angående avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense.

Vi vil med dette minne om din rett til å klage på vedtaket:

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Det er på strekinga ein reguleringsplan under arbeid med *namn Sagavika, gnr 95 bnr 2 m.fl., Fana bydel, Bergen* nasjonal arealplanID 4601_64640000. I planen er huset ikkje planlagt innløyst. Planen har vore til offentleg ettersyn men ingen instansar har kommentert tilhøva i tilknytning din eigedom. Dersom reguleringsplanen blir vedteken og vegen opparbeida, vil huset framleis ligge tett på fylkesvegen med dei utfordringar det måtte by på i form av støy, hindring av sikt i kurve og moglegvis drift og vedlikehald av vegen.

Alternativet til å renovere huset kan vere å rive det og bygge nytt lenger unna fylkesvegen. Eit slikt tiltak er avhengig av ny søknad om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesvegen.

Med helsing

Kari Elster Moen
Senioringeniør

Silje Svanevik-Røren
Rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift